

# ÅRSMELDING 2017

FOR

NORDHORDLAND TURLAG



**Nordhordland Turlag**  
Bergen og Hordaland Turlag



# 1. ORGANISASJON

## Styret:

Leiar: Øyvor Haldis Larsen

Nestleiar:  
kontakt Opptur, søknader: Beate S. Korsøen

Kontakt Barnas T,  
DNT Ung og Padle-  
Gruppa, søknader: Tanja Smeding

Onsdagsturer/Kurs-  
og arrangement, kontakt  
Sti/Merking/Hytter: Jørgen B. Mowinckel

Heimesider/FB, Sherpa,  
Annonser, referat  
Kontakt Programnemda: Anne Helen Eidsheim

Heimesider/ FB, Opptur  
Marknadsføring: Bente S. Fivelsdal

Kasserar, statistikk,  
profileringsklede: Marte Sleire Hatlevik

Revisor : Ingmar Hindenes

Valnemd: Merete Brundtland (leiar), Kristen Risnes, Anne Lise Eikeland

## Hyttestyrrer:

Kalvedalen: Margrete Myking (leiar), Anne Gro Salvanes, Bjørn Rune Kvinge, Jane Britt Daae

Skavlabu: Lillian Aakre (leiar), Sigve Hindenes og Åse Marit Kalhovd

Vardadalsbu: Kari Sauer (leiar) og Geir Nilsen

Sti-og-merke nemd: Stein Markussen (leiar), Jan Ivar Berge, John Ove Hindenes, Malvin Toft, Kjell Hølleland, Atle Bondevik, Wigdis Haugen, Olav Tveito, Palmer Helland, Sigve Hindenes og Janne Ånensen

Turprogramnemd: Asle Hindenes, Børge Brundtland og Jane Britt Daae

Naturvernuttal: Asle Hindenes, Birger Tomasgard og Øyvind Vatshelle

Barnas Turlag  
Nordhordland: Ida Nydegger (kontaktperson mot NH Turlag)

Barnas Turlag  
Masfjorden: Lene Hansen Kvamsdal (leiar)

DNT Ung  
Nordhordland: Knut Espetvedt (leiar)

Padlegruppa: Arne Færøy (leiar)

## 2. ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2017

Året 2017 har vore aktivt, med stor dugnadsinnsats i gruppene, nemndene og styret. NH turlag er heldige. Takk.

### Styresaker:

- Kom deg ut dagar – februar og september -17, og nå 21.1.18
- Frivilliggode: endra reglar. Sjå Frivillig på BHT si nettsida for informasjon
- Minnegåva til turlaget: Gapahuk på Kolåsfjellet, Lindås.
- Til Topps, samarbeid med Røde Kors –
- Profileringsstøy + jubileumskolleksjon: tilbod til dugnadsfolk. Sein levering av kle og mykje arbeid for kassarar.
- Turprogram: ny utgåve, ny layout. Detaljinformasjon om turane ligg på nettsida vår. Du må SØKE sjøl.
- Turprograminnhald: Variert program frå programnemnda. Turleiarar kan melde seg undervegs i året. Oppdatert oversikt over utdanna turleiarar.
- Informasjon/ kontakt:
  - Facebook-side for NH turlag
  - for Turleiarar i Nordhordland
  - for Barnas turlag Nordhordland/ Barnas turlag Masfjorden
  - for turleiarar i Barnas turlag NH
  - 
  - Nettsida til Nordhordland turlag – direkte eller via BHT si side
  - Vår mailadresse: nordhordland.dnt.no
  - Office 365- styreverktøy
- VIPPS – enkel betaling på turar
  - Endra pris på onsdags og dagsturar
  - Påmelding og betaling i Sherpa
- SKYPE – erfaringsoverføring organisert av BHT der alle 16 lokallag deltar rundt aktuelle saker/ kursing
- Valnemnd: styret i godt samarbeid med aktiv valnemnd.
- Ressursgruppe oppretta. Dei vert spurt når turlaget treng folk.
- Utstyrsansvarleg: Arnhild Hatland
- Samlinger:
  - Frivilligsamlinger i BHT regi i Bergen, vår og haust –
  - Haustmøte i Bergen i haust
  - Med god oppslutnad fra NH. Takk. Me får ros 😊
  - Haustmøte i NH turlag (torsk!)
  - Fellesmøter i BHT for 2 fra styret: mars og november (Os)
- Deltaking:
  - Turlaget held fram å delta i Turskiltprosjektet i regi av Frivilligsentralen.
  - Deltok på møte i Meland med tema inkluderingskontakt.
  - DNT landsmøte i Kristiansand: Marte deltok.
  - 2 deltok på medietreningskurs i Marken
  - Strandryddeaksjon i mai. Turlaget rydda i fleire kommunar i NH.
- Samarbeid:
  - Juni: Familiedag i Austrheim: medlemmer i Austrheim stilte
  - Fjellfestival i Stordalen. Budeiedilt 2016 utdelt til Arne Berg
  - Tilbod om å stille som turleiar ved Friluftskole i Solund. Droppa.
  - Juni/ juli: sommartilbod til unge i Meland. Medlemmer i Meland stilte
  - Knarvikmila i september. Stand. Styret og Barnas turlag.
  - Turlaget sende støtte til Stordalen Vel
- Kurs:
  - Nærturleiar kurs – gjennomført i haust – fleire med fleirkulturell bakgrunn
  - Ambassadørkurs
  - 1.hjelp-kurs – november – utsatt
  - Grunnleggjande turleiar kurs
  - Kart og kompasskurs
  - Sommarturleiar kurs
- Nye prosjekt
  - Kalvedalen si nye sikringsbu er på gang.
  - Bru over Stegafossen – stoppa då vedlikehaldansvar for brua ikkje vart avklåra.
  -

- Naturvernutvalet: saker kjem dei i hende frå BHT; om inngrep i vår region:
  - Masfjorden
  - Modalen
  - Osterfjorden
  - Knarvik
  - E39
  - Øksnesmarka
- Opptur 2017 vellukka gjennomført. Birger T. ber om avløyising og 2 nye, Beate S.K. og Bente S.F. har tatt over stafettpinnen. Takk.
- Onsdagsturar: vellukka 42 turar gjennomført. Birger held fram til det dukkar opp ein ny kontaktperson. Takk.
- Økonomi: turlaget har god økonomi. Det gir fridom når det gjeld å finne egna lokale til eit «turlagshus». I dag har me 2 rom i NBK-brakka i Knarvik til arkiv og lager, samt møtelokale.
- Hyttene: Gode hyttestyre vedlikeheld hyttene godt.
- Sti og merkenemnd: Godt vedlikehald på løypenettet som turlaget har ansvar for
- Padlegruppa gjennomført sine 15 programturar
- Barnas turlag NH er aktive på informasjonssida og ønskjer at fleire foreldre kan hjelpe til.
- Barnas turlag Masfjorden legg ut all info på si fb side
- DNT Ung har hatt helgeturar for aldersgruppa 10-12 og 12-14 år
- Dags- og helgeturar har med sitt gode og varierte tilbod gitt gode høve til å komme seg ut på mange ulike plassar.

#### Konklusjon:

Det har vore og er god aktivitet i Nordhordland turlag. Vi samarbeider godt med dei i Marken, i BHT, og vi er glad så mange har felles interesser med oss og gjer dugnad for turlaget og for alle som vil ut på tur.

Takk til alle dugnadsfolka våre, som gir av si fritid for at andre skal få gode tilbod.

Spennande vert det å sjå om turinteresserte finn informasjon dei treng no når me alle må aktivt inn på nett for å sjå – slik opplegget med turprogrammet no er.

Eit godt år ligger bak oss, eit spennande år ligg framfor oss med vårt eige 25 års jubileum, markering av 20 år med drift i Skavlabu og 150 års jubileum for DNT.

Velkommen med på ferda gjennom 2018!

### 3. MEDLEMSSTATISTIKK

	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Familie hovud-medlem	110	87						
Familiehusstand	394	322						
Hovudmedlem	622	627	714	742	718	742	770	770
Student/Ungdom (19-26 år)	69	62	59	45	50	40	45	38
Honnør	204	194	192	184	176	163	152	137
Husstand	269	299	355	344	328	308	315	305
Barnas Turlag (0-12år)	154	177	294	262	234	220	215	205
Livsvarig husstand	3	2	3	2	2	2	3	4
Skuleungdom (13-18år)	75	101	118	120	101	89	93	89
<b>TOTAL</b>	1900	1871	1798	1699	1609	1564	1593	1548

#### 4. AKTIVITETAR

	2017			2016			2015			2014		2013		2012	
	Pl. lagt	Gj. ført	Ant. delt	Pl. lagt	Gj. ført	Ant. delt	Pl. lagt	Gj. ført	Ant. delt	Gj. ført	Ant. delt	Gj. ført	Ant. delt	Gj. ført	Ant. delt
Helgetur	5	4	47	2	1	8	6	6	64	7	60	6	65	4	49
Dagsturar	16	15	355	21	17	313	18	18	365	19	339	13	242	13	361
Veketur	0	0	-	0	0	-	0	0	-	0	-	2	23	0	0
Barnas Turl.: B.T. Masfj.:	11 6	10 5	305 162*	12 7	12 6	910 437	17 4	17 4	137 8 185	22	1244*	20	1509	22	1135
Onsdagstur Lindås	21	21	731	21	21	670	21	21	816	21	687	21	773	211	626
Onsdagstur Masfjorden	21	21	396	21	21	380	21	21	376	21	387	21	563	21	718
DNT Ung	3	3	43	5	4	44	7	5	35	6	44	5	55	3	63
Padleturar	15	15	144	15	15	149	15	15	107	15	119	15	120	15	121
Kurs	4	3	34	6	4	50	3	3	44	0	-	2	14	3	36
Turleiersamling	1	1	22	0	0	0	1	1	16	1	56	1		1	16
Haustmøte	1	1	63	1	1	103	1	1	28	1	60	1	80	1	30
Styremøte	11	11	72	11	11	86	12	12	72	12	66	12	62	9	54
Årsmøte	1	1	63	1	1	43	1	1	33	1	40	1	40	1	50
Fjellfest	0	0	-	0	0	-	0	0	-	0	-	0		1	25
Opptur	1	1	396	1	1	400	1	1	410	1	438	1	400	2	450
<b>TOTALT</b>	<b>143</b>	<b>120</b>	<b>2833</b>	<b>124</b>	<b>115</b>	<b>3593</b>	<b>128</b>	<b>126</b>	<b>3929</b>	<b>127</b>	<b>3540</b>	<b>121</b>	<b>3946</b>	<b>117</b>	<b>3734</b>

\*I tillegg endel deltakere på Sleirsfjellet opp

#### 5. HYTTER

	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007
Kalvedalen	459	323	448	367	321	503	342	434	506	401	322
Skavlabu	405	400	253	360	303	278	322	453	316	523	251
Vardadalsbu	300	279	180	290	285	216	270	250	215	334	253



#### 6. REPRESENTASJON/ROLLER

Medlemmer i Nordhordland Turlag i ulike roller og på representasjonsoppdrag:

- Børge Brundtland er nestleiar i Landsstyret for DNT, og medlem i Valgkomiteen i BHT
- Jan Ivar Berge (stinemda) er med i utval for ruter og bruer i BHT
- Birger Tomasgard er med i Redaksjonsutvalet for Sti og Varde
- Bjørn Olav Hagesether sit i Hedersteikn-utvalet i BHT.
- Linda Fongaard jobbar i turinformasjonen i BHT
- Beate S. Korsøen er medlem av Kontrollutvalget i BHT

- Jane Britt Daae sit i Heidersteikns-utvalet i BHT
- På fellesmøte hos BHT i mars deltok Øyvor og Bente fra styret.
- På Landsmøte til DNT i Kristiansand i juni deltok Marte fra styret.
- På Fellesmøtet til BHT på Os i november var Øyvor fra styret.

## 7. SLUTTORD 2017

- 2018 er jubileumsår for Nordhordland Turlag. Vi er 25 år. Dette vil bli markert ved turer i løpet av sesongen, med ulike effekter og i annonsering, samt at vi planlegger arrangement for alle interesserte. Skavlabu feirer sine 20 år i år, og det blir markert med tur og arrangement ved hytta.
- Kalvedalen får ny sikringsbu i år og NH Turlag vil delta i grunnarbeidet på sikringsbua. Vi samarbeider tett med BHT.
- Arbeidet med å få oss et eget lokale fortsetter, og styret har vært på synfaring og vurderer ulike lokaler. Planen er å innrede romma til møterom og lager for alle gruppene i NH turlag. Da får vi oss et TURLAGSHUS.
- Turlaget ønsker også å samarbeide med andre lag/ kommuner med å få satt opp enkle hytter, slike som har blitt produsert i Masfjorden. Disse er tenkt satt opp i lokalmiljøet i kommunene og til bruk for alle som er ute. Her vil vi gjøre avtaler om ansvar for vedlikehold lokalt.
- Samarbeidet med Røde Kors om Til Topps fortsetter. Røde Kors har fått seg nye lokaler i Knarvik og vi planlegger samlingssted der for ungdom en ettermiddag og kveld i uka. Enkel, gratis bevertning, leksehjelp om de ønsker, sosialt treffsted med brettspill og prat, samt tilbud om å gå tur. Vi må trene for å nå Galdhøpiggen! Tanken er også å tilby f.eks. nærturlederkurs, ridetur, fottur i fjellet, nærturer....Her vil vi henvende oss til våre turlagsmedlemmer om å delta med ei dugnadsøkt eller 2 i året, for å få vakt/turkabal til å gå opp.
- Utdanning av turledere og kursing er viktig i Nordhordland Turlag. Dette arbeidet er godt i gang og det vil vi ha fokus på i 2018.
- Nordhordland Turlag er veldig glad for den støtte vi har i kommunene vi driver vår virksomhet i. Støtten gjør at vi kan gi tilbud til mange. Vi har mange i våre egne rekker som gir av sin tid til turlaget. Takk. Gode, positive støttespillere gjør det kjekt å drive dugnad for folkehelse. Vi ser positivt på framtida.

Øyvor Haldis Larsen (Sign.)

Beate S. Korsøen (Sign.)

Anne Helen Eidsheim (Sign.)

Jørgen Mowinckel (Sign.)

Tanja Smeding (Sign.)

Bente S. Fivelsdal (Sign.)

Marte Sleire Hatlevik (Sign.)

### **Årsrapport 2017 frå Kalvedalen:**

På dugnaden i vår var me 7 personer + nokre hjelparar i Stusdalen.

Det vart gjort vanleg dugnadsarbeid av ein entusiastisk gjeng. Me fekk i år tømmt eindel av utedoen, ein jobb me hadde kvidd oss til lenge, men det gjekk veldig bra. Fekk og opp 1,5 mål ved, det var plass til meir.

Ellers har det vore folk oppe nesten kvar mnd. for tømning av safe/tilsyn.

Hausten 2017 var me i møte med grunneigarane/hyttenaboane i Kalvedalen, der dei fekk sjå planane for sikringshytte, og me hadde ein fin dialog ilag.

Me ser no fram til bygging av sikringshytte til neste år!

Bjørn Rune har lenge bedt om å få byttast ut i hyttestyret, og me er no glad for at Kjell Ove Torseth har sagt seg villig til å gå inn i hyttestyret.

### **Årsrapport 2017 frå Skavlabu:**

Dugnadshelga 23-25 juni var fuktig m/skodda, og nysnø søndag morgon.

Indre teneste: reingjering m.m vart utført av gode dugnadsfolk.

Skodda hindra helikoptertransport til oss denne helga, likevel god stemning i gjengen. Tysdag etter vart det ny tur med trauste arbeidsfolk til Skavlabu i solskin.

Helikoptertransport vart utført med ny flott gasskomfyr på lasset.

Malearbeid på sikringsbu vart utført i august.,

Etter ein våt og kald sumar med besøkstal: 405

Vinterklargjering vart utført 22 oktober.

### **Årsrapport 2017 frå Vardadalsbu:**

Til tross for en dårlig sommer værmessig sett ble 2017 et år der besøkstallet ble noe høyere enn de siste årene, med ca 300 besøkende. Det kan se ut som økt markedsføring av Stølsheimen har slått positivt ut! Flere gruppeturer og den årlige ansatteturen til BhT ble også lagt til Vardadalsbu.

Det ble kun en skitur til hytta, -i mars.

Den årlige dugnaden i Juni ble utført på vanlig vis, med vasking, rydding osv. Det var usedvanlig vått denne helgen, og vi var takknemlige da vi hørte helikopteret i tåka.

Det ble ikke noe beising den helga, men senere på sommeren var hytteansvarlig 4 dager på hytta og fikk beiset hytta og lakket gulv.

I august var 2 stk. inne og ferdigstilte utebenken, brente boss og ryddet.

I midten av Oktober var vi 3 stk. inne og gjorde hytta klar for vinteren. Dvs. opptelling av proviantlager, vasking, rydding, brenning, ta inn bosspann, div.

Hytta var uten fungerende solcellepanel i ca 3 mnd. , men nytt batteri kom på plass i midten av September.

Da fikk vi også fløyet inn 30 sekker ved, da det hadde skjedd en leveringsfeil under dugnaden.

### **Årsrapport 2017 frå Sti- og merkenemnda :**

Det er lagt ut nye vanger i Vestrebotn. Broene ble satt ut og tatt inn i rett tid. Ellers er det gått gjennom alle løypene i Stølsheimen, utenom Mo-Skavlabu. Nemnda har fått gode tilbakemeldinger på merkingen. Det ble satt opp nye stolper og skilt ved Svartavatnet og Skjerjevatnet. Karene har utført mange gode jobber og som leder i gruppa takker jeg for den fine innsatsen som er gjort.

Sti og merkenemnda har sagt seg villig å hjelpe til med dugnad på den nye hytten i KALVEDALEN.

2018 vil også bli et flott dugnadsår.

## Årsrapport 2017 frå Padlegruppa:



Tveitavatnet med ei av 7 ørner

Fin sesong med vekslende vær, men folk er med. 15 flotte turar, nokre meir spesielle en andre. Kan nevne første turen, Tveitavatnet med fint vær og ørnesafari, - 7 stk på ein gong rundt oss. Tur 5 Sætrevik – Torkelstangen måtte me flytte til Kårbø p.g.a. været, så turen blei rundt Bognøy På turen vart me borda av marinen, men me fekk fortsette. Tur 13 Feste – Nøtlevåg, der fekk me omvisning på gamle meieriet og ishuset, foredrag og div historier, Per hadde ordna med guide.

Fakta: alle 15 turane er gjennomført, 14 kveldstur og 1 søndagstur. Antall deltakarar har variert frå 4 til 14, til saman 144. Det blir i snitt 9,8 personer pr tur i år. Det står 22 navn på lista, fleire nye.

Eit lite uhell (velt) i år - ein padlelos . Me fortsetter med redningsøvelsar. I år hadde me øvelse på tur nr.6 15 juni i Bøvågen, 9 deltakarar. På grunn av kaldt surt og vått vær, vart det litt begrensa, men nokon av oss gjennomførte eigenredning og kameratredning. I den forbindelse tek eg med litt om opplegget vårt på padleturane. Som annonsert skal folk stille med eige utstyr, dvs. båt -bekledning. Siste åra har det vorte vanlig med drakter, men det er opp til kvar enkelt, vi oppfordrar til å ha med ekstra klær. Padlelosen for turen padler alltid først, ein av dei andre losane bakerst. Dette for å ha oversikt over gruppa. Som padlelos har eg med telefon, førstehjelpsutstyr, varmepose, slepeline og ekstra åre. Eg meiner at me tek vare på sikkerheita. Snittalderen på desse turane er + - 60, av og til yngre med foreldre. Kvalifikasjoner på deltakarane er begynnarkurs + lang erfaring.

Sesongen avslutta me fredag 08.09 2017, med visning av bilder, planlegging av turar til 2018, snittar og kake i kjellarstova til Per.



Nøtlevågen



## Årsrapport 2017 frå Barnas Turlag Nordhordland:

Barnas Turlag er i en endring, mange turledere har gitt seg og noen nye er kommet til. Vi teller idag syv turledere og trenger å få inn flere i året som kommer for å kunne holde oppe antall turer. I en overgangsfase har vi fått god hjelp fra de som trekker seg ut. Tusen takk til dere alle! BT har fått eget utstyrsrom, og med dette en god oversikt over det tur-utstyret vi har og disponerer. Vi har hatt tre turledere på Grunnleggende turleder-kurs og to som har gjennomført Nærturleder-kurs. På årets regionalsamling var det en familie som representerte BTNH på Kvamskogen. Dette var en flott tur med mye god aktivitet og nyttig informasjon. Turlederene våre er aktive på oppsatte arrangement, utenom egne turer, blant annet på Utemat-kurs på Fløien. Årets turprogram er satt sammen med tanke på å øke opp aktiviteten, godt fordelt i alle kommunene. Vi ønsker å få flere med oss, og vil prøve å sette opp flere turer enn de programfaste om det lar seg gjøre. Facebooksiden vår har vi fått frisket opp og denne opplever vi gir god informasjon ut.

Dato	Tur	Turledere	Deltakere
26.03.2017	Krossane fra Hopsdalen	Hilde og Torunn	10
30.04.2017	Sykkeltur til Fedje	Thomas og Ingunn	41
21.05.2017	Storafjellet, Skjelanger	Benedicte og Torunn	43
19.06.17	Kveldsmattur til Eikanger	Thomas og Eirik	15
04-06.08.2017	Overnatting Gullhorgabu	Vibeke og Torunn	10
03.09.2017	Kom deg ut dagen/ Knarvikmila		
13.09.2017	Kveldsmattur til Storufsen	Benedicte og Thomas	avlyst
24.09.2017	Håøy	Hogne og Hilde	51
29.10.2017	Krinslia	Cecilie og Marit	50
26.11.2017	Toska og bading i Radøyhallen	Ingunn og Linda	20
17.12.2017	Juletrehogst, Kvamme	Hogne, Hilde og Ida	65



Tur til Toska

## Årsrapport Barnas Turlag Masfjorden 2017

Februar 2017: felles kom-deg-ut-dag med BT Gulen i Stordalen. Utgjekk pga manglende snø i slalombakken.

12. mars 2017: Skumringstur i Markusdalen. 8 personar med.

14. mai: Nesjane rundt. Rundt 40 deltakare.

3. juni: Med deltakarar på Sleirsfjellet opp, med turtipp for dei minste opp halve løypa.

3. september. Kom-deg-ut-dag i Arekletten. Rundt 100 personar.

10. september: Kanotur til Baldersvågen (for litt eldre barn). 14 deltakarar



Kom deg ut-dag i Stordalen

## Årsrapport 2017 frå DNT Ung Nordhordland

### XX-Ung, 10-13 år

#### Fottur/helgetur til Turnerhytten 5-6.mai,

3 turledere; Linda Fongaard, Hogne Brunborg og Øyvind Seljelid. 14 barn.

Tok Ulriksbanen opp, sov på Turnerhytten. Hadde flott tur over Vidden på lørdag. Noen badet i skomakerdiket. Flott vær. Hadde avtale med Fløyen om Zipline, men dessverre sviktet de oss, så det måtte gå ut. Synd, men vi koste oss i aktivitetsparken på Fløysletten før vi avsluttet med softis til alle og Fløybanen ned igjen til sentum. Startsted for tur : Ved Ulriksbanen (nede). Turledere og en del barn tok samlet båt / buss fra Knarvik. Endepunkt for tur: Fløyen stasjon ( nede). Turledere og en del barn tok samlet buss til Knarvik. Kjekk tur, med en herlig gjeng. God stemning, strålende vær og skikkelig spreke barn 😊😊





### **X-Ung, 12 – 14 år**

#### **Fottur/helgetur i Stordalen 9-10.september,**

2 turledere: Astrid Aakvaag og Hilde Langeland Johansen. 7 barn.

Køyrde til Matre. Åt lunsj i Mattishola. Gjekk opp Stegane i Matre. Laga camp i Stordalen med overnatting i Lavvo. Hadde bålkos og "Mesterens mester". Oppmøte og ankomst/ retur i Alversund. God stemning til tross for litt grått vær.



### **X-Ung 12-14 år**

#### **Base Camp Kvamsvåg 27.-28.mai,**

4 turledere: Elisabeth Heradstveit, Cecilie Lærkerød, Astrid Aakvaag og Beate S Korsøen. 22 barn.

Overnatting og telting i Kvamsvågen; Været var fantastisk!! Perfekte ramme rundt BaseCampen. Seafun v/ Øystein Johansen var leid inn som instruktør, og lærte ungdommene å stå på paddleboard. Mye bading, fotballsbill, leker, kveldsyoga m.m. Grilling av hamburgere og pølser. Lørdag morgenbad, så »Mesternes Mester« . Avslutning med lunsj fra Matkroken. Så opprydning og avslutning. De 4 turlederne synes det var en meget vellykket basecamp, og det virket som ungdommene koste seg veldig 😊



## Årsrapport frå Turprogramnemda 2017:

Gruppa har bestått av Jane Britt Daae, Børge Brundtland og Asle Hindenes.

Den har hatt 6 møte og mykje e-post og telefonar med fokus på fornying av aktivitetar og 25 årsjubileumet til NH Turlag.

Gruppa har hatt eitt møte med styret vedrørande utkast til turprogram og ny strategi for marknadsføring av programmet. I tillegg gjennomgang av tur- og medlemstatistikk, mål, prinsipp/føringar og målgrupper for turprogrammet.

Det vart halde samling for turleiarane i juni, men nytt møte på hausten vart avlyst grunna lite påmelding. Det er oppretta eigen FB side for turleiarane.

Det er viktig at vi driv vår aktivitet etter dei retningslinjer som gjeld og har auga for den risiko vår aktivitet kan medføre. Vi har lagt vekt på å ha autorisert turleiar på turane.

Gruppa har lagt turane ut på Sherpa og skaffa turleiarar til dei fleste turane.

Turlederregisteret er oppdatert og ryddet (var på ulike papirlister og mange manglet).

Det bør vurderast om den praktiske gjennomføringa skal liggje til programkomiteen.



Turleiarsamling i Dampen 6.juni

## Årsrapport frå Naturverngruppa 2017

Gruppa har bestått av Asle Hindenes, Øyvind Vatshelle og Birger Tomasgard. I tillegg har leiar i Laget, Øyvor Larsen møtt. Utvalet har handsama saker som har lokal forankring i samarbeid med Bergen og Hordaland Turlag.

### Saker:

- Kraftledning Modalen – Mongstad – oppfølging.
- Øksnesmarka, handtert av styret for moglege presseuttale.
- Deponi på Eikefet. Vurdert som miljøvernsak, ikkje naturvern og ikkje levert uttale.
- Uttale om ny veg Flatøy – Eikefet gjennom turområdet på Åse.
- Utbygging Lonena i Knarvik oppfølging.

For Nordhordland turlag er det viktig å bevare naturen for vår aktivitet og for våre etterkomarar. I utbyggingssaker er tema å tilpasse inngrep i landskapet og å unngå at nye område unødig vert utsett for tekniske inngrep. Nærområda er ekstra viktig for folkehelse og dagleg trim, som eit lågterskeltilbod. Vår strategi er å ha fokus på dei sakene som gjeld vår aktivitet, heller enn å uttale seg om alt.



## Årsrapport frå Onsdagsturane 2017

Framleis er onsdagsturane den aktiviteten i turlaget som får flest ut på tur. Gjennom dei 21 turane i Masfjorden og i søndre delen i Nordhordland vart det i 2017 registrert 1127 «turgåarar», d.v.s. gjennomførte enketturar. Gjennomsnittet pr. tur var i Masfjorden 19 stk og i søndre delen 35 stk, altså får vi over 50 nordhordlendingar ut på tur kvar veke. I år vart det delt ut 42 krus til personar som hadde gått minst 15 av turane, og det var 9 stykker som gjennomførte alle 21 turane (4+5)

Onsdagsturane gjev sjølv sagt god fysisk aktivitet, og deltakarane blir kjende med turar dei kanskje elles aldri ville funne fram til. I tillegg er det ein sosial møtestad og deltakarane ser ut til å trivast saman. Det ser vi òg av den gode deltakinga det er på avslutningsmiddagane for turgruppene. I år vart desse gjennomførte på Dampen i Knarvik og på Sandneskafèen på Masfjordnes.

Turprogrammet for 2018 er klart (etter innspel frå turdeltakarane), så det er berre å gjera seg klar til oppstartinga 4.april!

## Årsmelding Opptur 3.mai 2017

Opptur for 8.klassingane vart i 2017 arrangert for 10.gong i Nordhordland. (i år 3.mai) Denne gongen gjekk arrangementet i fint turvær . I år var ein elev uheldig og braut foten på veg ned frå Krossane, slik at han måtte hentast med luftambulans. Løypa har i alle desse åra gått frå Fureberggtunnellen på Seim og over Krossane og ned til Hopsdal og Mundal. Men det er altså nye turdeltakarar kvart år, og deltakartalet ligg om lag stabilt på rundt 400 elevar. I tillegg kjem lærarar og vakter + folk frå Nordhordland Røde Kors, slik at totalt er det mange i aktivitet på OPPTURT-dagen. Takk til pensjonistane i Dørstokkmila som kvart år stiller som funksjonærar og til Røde Kors som er gode å ha. Elevane er svært positive til arrangementet og er greie turdeltakarar. Stemningen i målområdet der alle møter kvarandre etter turen, er svært god! I det heile er OPPTUR eit positivt arrangement for turlaget. Birger Tomasgard har hatt hovudansvaret for arrangementet i alle dei 10 åra og har no bede om at nye krefter tek over.

## Samarbeid 2017

Gode samarbeidspartnarar i år, som tidlegare år, er:

- STRILEN og NORDHORDLAND AVIS som meir enn gjerne skriv om aktivitetane våre
- ATLETEN som gjev 10% rabatt på ordinære varer, til medlemmene i NH Turlag
- YTRE SOGN TURLAG som vi samarbeider med om den nye Bjørn West-løypa
- DØRSTOKKMILA som er til god hjelp under avviklinga av Opptur
- NORDHORDLAND RØDE KORS som alltid er med på Opptur, og som vi har inngått samarbeidet «Til Topps» med; innvandrerer som går med oss på tur, og hvor Galdhøpiggen er målet!
- KNARVIKMILA/ MUSIKKENS VENNER NORDHORDLAND som vi samarbeider med, bla arrangementet på Lyngheisenteret
- STORDALEN FJELLSTOVE/ BERG FRITID ved Arne Berg, som har vore ein god samarbeidspartnar ved fleire høve og som gjev rabatt på servering og overnatting. Og som har halde skredkurs i Stordalen for oss og som har satt i gang arbeidet med stimerking samme stad
- ANNONSØRANE våre i turprogrammet. Dei er viktige for at vi i det heile kan gje ut eit turprogram, så vi oppmodar medlemmene våre å merkja seg desse.

- FRIVILLIGSENTRALEN I LINDÅS som koordinerer prosjekter med stimerking i bl.a Lindås Kommune
- IL ALVIDRA; Orienteringsgruppa som over fleire år har invitert Barnas Turlag NH til samarbeid på den årlege Finn Fram-dagen i mai
- SPAREBANKEN VEST som over fleire år har gjeve oss støtte til Opptur, og VI-midlar(gåvemidlar)
- Kulturmidler som er gjeve oss frå fleire av kommunane i Nordhordland, og som kjem born og unge tilgode
- Jarl Hansen på dugnad ordner vårt hederstegn, Budeiedilten

Her har vi nemnt ein del viktige samarbeidspartnarar, og det er sikkert fleire som vi ikkje har lista opp. Eit lag er avhengig av andre aktørar i samfunnslivet. Omfanget og kvaliteten på samarbeidet er ofte avgjerande for det resultatet målgruppa møter. Nordhordland Turlag er svært takksam for all hjelp og støtte laget får gjennom slikt samarbeid !